

MØTEPROTOKOLL LLP

LANDSMØTE 2011

TID: 4. mai kl 9.00

Sted: Raddison Blu Hotel, Tromsø.

Tilstade: Totalt 27 stemmeberettiga medlemmer.

Saksliste:

1. Konstituering: Val av møteleiar, forretningsorden og representantar til å skrive under protokollen frå møtet.
 2. Årsmelding
 3. Revidert rekneskap
 4. Fastsetting av kontingent
 5. Budsjett
 6. Handlingsplan
 7. Val av styre
 8. Val av valkomité
 9. Framlegg fremja av medlemmer eller av styret
 - 9.1. Omdisponering av øyremarka midlar
 - 9.2. Fagseksjonane sitt mandat
 - 9.3. Forslag til organisasjonsstrategi
-

Sak 1. Konstituering

- Styreleiar Karin Gjelsten ynskte velkomen. På vegne av styret føreslo ho Terje Haram som møteleiar og Marit Hosar som bisittar. Forslaget vart godkjent av forsamlinga.

Møteleiar spurde forsamlinga om innkalling og møteorden kunne godkjennast. Det kom ein kommentar på innkallinga. Dagsorden var ikkje lagt ved innkallinga. Forsamlinga godkjende likevel innkallinga.

Vedtak: Innkalling og møteorden er godkjent. Styret sitt forslag til møteleiar og bisittar er godkjent.

- Møteleiar la frem fylgjande innstillingar frå styret:

Styret innstillar på at forretningsorden godkjennes.

Styret innstiller som referent; Inger Lene Nytingnes.

Styret innstiller som tellekorps; Ingrid Nøstberg og Mads Langenes.

Styret innstiller til signering av møteprotokoll; Wenche R. Lund og Tove Johansen.

Vedtak: Styret sine innstillingar er godkjent.

Sak 2. Årsmelding

Styreleiar syner til eit aktivt år der organisasjonsbygging har stått i fokus. Oppdatering av medlemregister, nye nettsider har vorte utarbeida, og informasjonsarbeid har stått i sentrum..

Vedtak: Årsmeldinga er godkjent.

Sak 3. Revidert rekneskap

Styreleiar redegjorde for rekneskapet. Årsrekneskapet syner eit negativt resultat på kr 329 910, 13. LLP sin administrasjon hadde eit overskot på kr 87 970, 62. Underskotet skuldast at innskotsmidlar til prosjekta var overført før inngongen til 2010, og er difor ikkje eit reelt underskot. LLP har god økonomi og det er ikkje nytta meir midlar enn det som har vore disponibelt.

LLP har frå inngongen av 2010 bytta rekneskapskontor til Visma Services i Bergen.

Vedtak: Rekneskapet er godkjent.

Sak 4. Fastsetting av kontingent

Styret føresler å auke kontingenten frå 2011

Kr 1200 for institusjonar og bedrifter

Kr 900 for personleg medlemsskap

Makspris kr 8500

Vedtak: Styret si innstilling er einstemmig vedtatt.

Sak 5. Budsjett

Styreleiar orienterte om budsjettet for 2011 som er utarbeidd og fremja av styret.

Vedtak: Handlingsplanen er einstemmig vedtatt.

Sak 7. Val av styre

Leiar av valkomiteen, Marit Hosar presenterte valkomiteens innstilling til styre. Ein rettelse vart gjort. Torleif Lind står på gjenval.

Vedtak: Valkomiteens innstilling til styre er vedtatt.

Sak 8. Val av valkomite

Styret sitt forslag til valkomite:

Anne Aune (leiar)

Ellen Røsjø

Kjetil Reithaug

Vedtak: Styret si innstilling til valkomite er einstemmig vedtatt.

Sak 9. Framlegg fremja av medlemmer av styret

9.1. Omdisponering av øyremærka midlar

Einar Terjesen orienterte på vegne av styret eit ynskje om å fristille kr 200 000 som er øyremærka utviklingstiltak.

Det vert bestemt at det skal haldast avstemming. Nokre representantar har forlatt landsmøtet, og 24 representantar er framleis tilstade.

11 representantar stemmer mot styret sitt forslag, og 13 representantar stemmer for.

Vedtak: Styret sitt forslag om å fristille dei øyremærka midlane er vedtatt med 13 mot 11 stemmer.

Sak 9.2. Fagseksjonane sitt mandat

Styret ynskjer meir aktivitet i LLP sine fagseksjonar. Styret har difor utarbeida nye retningslinjer/instruksar for seksjonane med framlegg til landsmøtet om å vedta desse.

Vedtak: Dei nye retningslinjene/instruksane er einstemmig vedtatt.

Sak 9.3. Forslag til organisasjonsstrategi

Styreleiar orienterar om forslaget til organisasjonsstrategi, som er utarbeida av styret.


Det vart fremja forslag om at organisasjonsstrategien strekkast over ein lengre periode. Dette vil gje den meir meining og gjere den meir konkret.

Landsmøtet støttar forslaget.

Vedtak: Organisasjonsstrategien er einstemmig vedtatt, og skal gjelde perioden 2011-2015.

Styreleiar takkar møteleiar, bisittar, og forsamling.

Landsmøtet er heva kl 10.33.



Wenche Risdal Lund



Tove Johansen